

Lindås kommune
Planavdelinga
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

J.nr: 037-15/OBS/obs

Bergen, 03.03.2015

Oppheving av byggje - og delingsforbod Knarvik sentrum

Knarvik senter AS har fått varsel 18.02, 2015 om mogleg ytterlegare forlenging av byggje og delingsforbud i planområdet for områdeplanen for Knarvik sentrum. Byggje - og delingsforbudet var vedteke fyrste gong 5. mai 2010 og vart så forlenga 2.april 2014. I fylgje plan- og bygningslova kan normalt eit byggje og delingsforbud verte oppretthalde i 4 år (§ 13.. Det er mogleg med forlenging av "særskilde" grunnar, og det vart gjort ifjor vår. No ber ein om ei forlenging med nok eit år. Det vil seie at det i praksis er mogleg å helde på forbodet fram til våren 2016 - nær 6 år. Om planen vert vedteke etter den framdrifta som har vore skissert, så opphever planen forbodet til sumaren.

Knarvik senter AS vil be om at byggje - og delingsforbodet blir oppheva no dvs. ikkje forlenga når det løper ut 2.april d.å. grunngevinga er denne:

- Om planen vert vedteke i tråd med framdrifta (juni 2015) er det så kort tid mellom opphevinga (2.april) at det ikkje er noko problem å utsetje dei byggjesakene ein moglegvis har "på vent" til planvedtaket vert gjort.
- Men om planen IKKJE vert vedteke i høve til tidsskjemaet, så tar det no til å verte problematisk at byggje og delingsaker ikkje kan handsamast. Vi forstår det slik at det kan dispenserast frå forbodet i somme høve, men er jamvel urolege for at viktige tiltak kan verte sett på vent.

Vi vil difor be om at byggje og delingsforbodet no vert **oppheva**, og at det heller vert teke opp på nytt om planen ikkje vert vedteke/stadfesta komande sumar.

Med venleg helsing for Knarvik senter AS



Ola B. Siverts
Samfunnsplanleggjar
Arkitektgruppen CUBUS AS